

---

**Til:** Opplærings- og helseutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Referanse**  
2014/10030-3

**Dato**  
22.01.2014

## **Oppfølging av skulebruksplan (SBP) – løypemelding.**

Skulebruksplanen for perioden 2012-2025 vart handsama i fylkestinget i desember 2012 og mars 2013. Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen vert følgd opp gjennom prosjektet «Varige og gode verknader». Prosjektet si rolle vil vere å følgje opp og koordinere dei ulike tiltaka i skulebruksplanen fram mot 2025. Gjennomføring av tiltaka vil skje i linja.

Denne løypemeldinga tar vidare før seg status på sentrale pågåande tiltak i 2014 og dei tiltaka som vert sett i gang i 2014.

### **Rapportering til politisk utval**

Prosjektet vil gi ein omfattande statusrapport på gjennomføring av tiltaka kvar vår primo juni. Når det gjeld konsekvensar for tilbodsstrukturen som følgje av gjennomføring av tiltaka i skulebruksplanen, vert dette gjort greie for i klassesaka kvar haust.

### **Tilrettelagt (TO) tilbod i Bergen**

I høve til det opphavelige vedtaket i SBP er det gjort endringar for TO-tilbodet i Margareta-stredet. Dette er frå hausten 2014 lagt under Årstad vgs i staden for Amalie Skram vgs. Tilbodet vil fysisk flytte til Årstad vgs når ombyggingsarbeidet der er ferdig.

Vidare ser ein at kapasiteten som er lagt til grunn i SBP på TO i Bergen er for låg, og at ein difor må auke elevplassane for denne gruppa. Det er difor starta arbeid med å utgreie kvar ein skal opprette nye plassar frå hausten 2015.

### **Bergen Katedralskule (BKS) – Vaksenopplæring (VO) – BHG-bygget-Kyrre**

Programmeringsarbeidet for utviding av tilbodet på BKS er inne i sin avsluttande fase. SBP la til grunn ei utviding med tre parallelle utan større nybygg, ingen større investeringar og fjerning av eksisterande undervisningsbrakker. Programmeringsarbeidet har synt at det vil vere krevjande med ei utviding av slik storleik ved skulen på dei premissane. Utgreiingsarbeidet har enno ikkje konkludert med kor stor utviding som er realistisk å få til. Dette gjer at det er naudsynt med ei vurdering av kva elevgrupper som skal prioriterast med tanke på tilbodet ved skulen. I det vidare arbeidet legg ein til grunn ei prioritering av ordinært studiespesialiserande tilbod og IB.

Planlegging av ombygging av BHG til Vaksenopplæring er òg i gang. Primært er det undervisningstilbodet knytt til BKS som skal inn i BHG-bygget. I tillegg planlegg ein kontorplassar for administrasjon av det øvrige vaksenopplæringstilbodet. Parallelt med programmeringa vil det gjerast ei avklaring om det er rom for å leggje undervisning av fellesfaga på dei yrkesfaglege programma til BHG.

Tilbodet på Kyrre er frå hausten 2014 administrativt lagt under BKS. Kyrre vil inntil vidare vil oppretthalde sin aktivitet i noverande lokale.

### **Status ledige bygg, Tanks – Bjørgvin**

Tank vgs er seld og leigd tilbake i inntil 4 år. Medan ein driv ombyggingsarbeid på BKS og BHG vil Tanks vere disponibel både for det ordinære undervisningstilbodet ved BKS og Vaksenopplæringa. Det vil truleg vere noko ledig kapasitet i Tanks-bygget i denne perioden, men dette vil kunne variere og er for tidleg å seie noko presist om no.

Bjørgvin -bygget vil fram til byggjeprojektet på Årstad vgs er ferdig, framleis ha undervisning på deler av det yrkesfaglege tilbodet som var knytt til Bjørgvin vgs. Her vil det likevel vere relativt mykje ledig kapasitet som inntil vidare er planlagt disponibelt for mellombelse løysingar som følgje av gjennomføring av tiltak i SBP framover.

### **Samanslåing Bergen Tekniske Fagskule (BTF) og Bergen maritime Fagskule (BMF)**

I løpet av februar vil ein starte programmeringsarbeidet for nytt bygg i Haugeveien.

### **Studiespesialiserande (Stusp) tilbod i Bergen**

Slik prognosane ser ut no er det ein overkapasitet på ca. 1000 plassar på stusp i Bergen. Dette gjer at det samla sett er naudsynt å gjere endringar i tilbodet. Prognoseinntaket i mars vil leggje føringar på den vidare planlegginga av dette i høve til vedtaka i SBP.

### **Bømlo**

På bakgrunn av Bømlo kommune sitt initiativ til å kjøpe Bømlo vgs vert det fremja ei politisk sak med tanke på å framskande samanslåing av Bømlo vgs og Rubbestadneset vgs og bygging av ny skule på Rubbestadneset. Dette inneber òg ei framskunding av tilhøyrande investeringstrong i økonomiplanen. Vedtaket i denne saka vil i første omgang avgjere om det er grunnlag for å gå inn i konkrete forhandlingar med Bømlo kommune om sal av skulen.

### **Ny skular på Voss**

For begge skulane er programmeringsarbeidet avslutta, og grunnlaget for start av byggearbeidet er lagt. Prosessen med tilsetting av to nye rektorar er i gong. Dei nyttilsette rektorane vil i perioden fram til skulane står ferdig, vere sentrale i samanslåinga av dei 5 eksisterande skulane på Voss.

### **Arna**

I løpet av våren 2014 planlegg ein å starte opp arbeidet med gjennomføring av ei administrativ samanslåing av Garnes vgs og Arna vgs. Parallelt med dette vil Opplæringsavdelinga gjere sonderingar mot Bergen kommune for å avgjere grunnlaget for vidare utgreiing av ein 8-13 skule i Arna.

### **Austrheim vgs**

Våren 2014 vil ein starte sonderingar mot Austrheim kommune med tanke på ein framtidig 8-13 skule.

### **Åsane**

Medio februar startar programmering av ny skule i Åsane der U Phil vgs, Lønborg vgs og Åsane vgs blir samlokalisert ved U. Phil vgs sine noverande lokale.

I samband med reguleringsarbeidet ved Åsane senter har HFK vært i kontakt med Bergen kommune med tanke på dispensasjon frå planen for å kome vidare i planarbeidet på skuletomta. Planlagt start på byggearbeid er medio 2015 med ei foreløpig stipulert byggetid på 2 år. Det må takast atterhald om framdrifta pga av hindringer som kan oppstå i samband med reguleringsarbeidet i området.